Fra: Lars G Golmen[lars.golmen@niva.no]
Sendt: 07.05.2024 17:03:53
Til: Linda Dehlin Fluvåg[LDFL@sdir.no]
Tittel: Handtering av begroing på skip

---

Hei og takk for tilsendt høyringsdokument om ny forskrift.
Temaet er viktig og NIVA er oppteken av problematikken. Vi arbeider no med ei utgreiing om skipstrafikk i Geirangerfjorden/Storfjorden, som vil ta inn aspektet. Høyringskommentar vil bli sendt innan fristen. Her nokre umiddelbare refleksjonar/forslag.

Eg utarbeidde konseptet 'Miljødokken' for nokre år sidan. Miljøvenleg fjerning av begroing på skrog, med oppsamling. Kort omtale vedlagt. Tenkt for mindre farty, men kan oppskalerast.
Framande artar var då ikkje i fokus, men dokken vil handtere dette også. (Fritidsbåtar skal ikkje inn under forskriften står det. Men tiltak for denne fartygruppa bør også vurderast?) Kan gjerne bistå med meir info viss Miljødokken synest interessant for SDIR.

Eg tenker at det med opplæring av inspektørar er noko som Runde miljøsenter og NIVA vil kunne bistå på. Velkomen til Runde for å diskutere dette, vi kan invitere inn rederia på Sunnmøre og maritim industri for dialog.
Årets Rundesymposium hadde Berekraftig reiseliv som tema.
https://historier.runde.no/rundesymposiumet-2024/
Neste år, kanskje framande artar/skip som tema?

Helsing Lars Golmen
<< Fil: Miljodokken-bakgrunn-GOL-NIVA.pdf >>

---

Lars G. Golmen, oceanographer, senior research scientist, Adj. professor
NIVA, Norwegian Institute for Water Research - Bergen and Runde branch,
Tel: (47) 4789 0957, Address: c/o Runde miljøsenter, N-6096 Runde, Norway
Tokyo University of Marine Science and Technology, 4-5-7 Konan, Minato, Tokyo.
http://www.niva.no
http://www.runde.no
https://www.kaiyodai.ac.jp/en/